



Solveig Lohne Rongved  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkeskonservatoren  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3222 - 15/22505

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

16.12.2015

## Innspel til "Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner" for Meland

I Meland er det i dag fire lokalitetar som er prioritert i BARK-rapporten. Meland kommune ved tenesteområde kultur ønskjer med dette brev å spele inn justeringar til eventuell revidering av BARK-lista.

### 1. Leirvik ID 108033 med fleire

Meland kommune har søkt om midlar 2015/2016 til informasjonstavle og ønskjer å utvikle formidling og skjøtsel av område i framtida.

Innspel: Vi ønskjer å sjå på opplegg knytt til formidling av liv og erverv i steinalderen med utgangspunkt i funnlokalitetane i området, spesielt retta mot barn og unge. Saman med kommunen er Meland Golf og Naturpark, Meland Golfklubb og Hordaland fylkeskommune naturlege samarbeidspartar, som høvesvis anleggseigar, idrettslag og grunneigar.

### 2. Fosse ID 25512

Gravhaugen er omtalt mellom anna i rapport av Egil Bakka. Saman med ny forskning om perioden vil ein kunne sørgje for god formidling av lokaliteten til turgåarar og andre ferdande langs den gamle vegen i Kleivane.

Innspel: Vi ser fram til å skjøtte og formidle denne lokaliteten.

### 3. Sætre ID 55208

Lokaliteten ligg nært eit mykje nytta forsamlingshus, eit nærmiljøanlegg med ballbinge og ein lokal serveringsstad. Dersom ein skal setje opp ei tavle ved lokaliteten bør den stå i nær tilknytning til dei nemnde eksisterande samlingsplassane i Sætrevikskrysset. Formidling av lokaliteten bør sjåast saman med lokalitetane 45471, 55207, 15804 og 6435. Dei to sistnemnde lokalitetane vert skjøtta med tilskot frå RMP. Husebø grendalag gjer eit større arbeid for friluftsliv og kulturhistorie i området, og er ein naturleg samarbeidspart i tillegg til grunneigarar.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Innspel: Vi ønsker å inkludere fleire gravminne i nærområdet slik at tiltaket vert skildra som *Sætre/Bratshaug ID 55208 med fleire*. Ei tavle bør stå i nærleiken av Sætrevikskrysset og vise til turstiar som førar til dei ulike lokalitetane.

#### **4. Flatøy ID 107938**

Området rundt 107938 og dei andre lokalitetane aust for Flatøyosen er svært utilgjengeleg og det er lite ferdsel her. Det vil vere svært utfordrande å få retta på dette. Den høge ferdsla til Håøy friområde passerer eidet mellom søre og nordre Eidavika, ved lokalitetane 121540 og 121541. Eidet ligg òg i grensa til det eventuelle utbyggingsområdet Midtmarka, der desse vikane er lagt fram som friområde. Terrenget er relativt lett å spore og plassen kan eigne seg godt til å formidle den rike steinalderhistoria i Flatøyområdet.

Innspel: Vi ønsker å endre lokaliteten til *Flatøy ID 121540 med fleire*.

#### **Innspel til andre lokalitetar som eignar seg godt for formidling.**

Lokaliteten ID 156372 Meland gamle kyrkjestad med freda kyrkjegard ligg godt synleg frå dagens kyrkje. Ei tavle med illustrasjonar som viser dei to eldre kyrkjene med kyrkjegarden i landskapet, vil vere sett av alle som nyttar kyrkja når dei ser utover dalen. Ein har her høve til å formidle på ein arkeologisk lokalitet på ein svært visuell og førebiletleg måte. Den gamle kyrkjegarden er i god stand med har behov for skjøtsel, særleg i dei kringliggande areala.

Innspel: Dersom det vert rom for fleire lokalitetar innafor BARK eller føresetnadane endrar seg, ønsker vi denne inn på lista.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
kulturkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Solveig Lohne Rongved

Hordaland  
fylkeskommune

5020

BERGEN